

Flott konsert for få, men storfornøgde.

06.05.2017



Into the Beast gav publikum ein herleg konsert på Oska.

Vi følte oss verkeleg som få, men utvalde vi som fekk oppleve konserten med Into the Beast på Oska fredagkveld. At det var under ti som fekk oppleve den flotte jazzstunda med den eminente kunstnarduoen Marita Moe Sandven(vokal) og Ole Amund Gjersvik(kontrabass), var synd, men vi som var der fekk ei fantastisk oppleving med ekstra god kontakt mellom musikarar og publikum.



Både Ole Amund, Marita og Roy håpar på fleire kveldar med Into the Beast på Oska.

Om det labre publikumsframmøtet skuldast konfirmanthelg, starten på grillsommaren eller andre ting, skal vi ikkje bruka tid på å spekulera i. Det vart ein topp kveld. Musikarane tok frammøtet med godt humør. 'Det er jo ikkje nett listepop me presenterer,' sa Marita i forkant av konserten, medan Ole Amund fortalde humoristisk om då det kom ein publikummar og hørte på den bergenske toppgruppa **Trang Fødsel** sjølv om dei på det tidspunktet toppa listene. 'Det vart den beste konserten vi nokon gong spelte,' sa den dyktige bassisten. Eg trur noko av det same må ha skjedd med **Into the Beast** i kveld. Publikum fekk ein konsert dei vil ha glede av lenge. Kontakten mellom musikarane og publikum vart ekstra god og tett. Dessutan viste dei to i all tydelegheit at når musikarane er dyktige nok, trengst ikkje hjelp av noko form for tekniske effektar og hjelpemiddel. Ein kontrass og vokal gjorde jobben til fulle. Verkeleg ein intimkonsert!

Ole Amund Gjersvik er ein driven bassist med erfaring frå mange sjangrar gjennom jobben som profesjonell muskar. Han kjenner bassen betre enn 'si eiga bukselomme', og utnyttar det i musiseringa. Marita Moe Sandven har ei flott stemme som ho brukar over eit stort register på ein klangfull og effektfull måte. Vokalen vert understreka av kroppsspråk og bevegelsar som fortel oss at ho har mykje å gje også innan drama og dans.

Samspelet mellom dei to musikarane er heilt spesielt. Svært mykje av musikken deira er bassert på improvisasjon. Vanlegvis er berre innleiinga til låtane nedskrivne. Også tekstane vert til ved improvisasjon. Berre to av tekstane dei framførte i kveld var nedskrivne på førehand. Tekstspråket varierte mellom engelsk, bokmål og nynorsk i 'Medkjenslekluten'. Improvisasjonsforma deira er krevjande. Dersom dei ikkje hadde beherska det, trur eg det kunne blitt ganske flaut. Her vart det topp med ekte og skiftande stemningar.

Det er andre gongen **Into the Beast** har besøkt Oska. Dei må ha vore godt fornøgd med publikum og, for begge gav uttrykk for at dei hadde lyst å koma tilbake.

- Det er vi som er heldige som har så lydhørt publikum, kvitterte mellom anna Ole Amund Gjersvik etter applausen etter ein av låtane.

Då eg var på veg heim, kom eg til å tenkja tanken: Det er ikkje berre når det gjeld mat Oska leverer i superklassen. Dei gjer det også når det gjeld musikk!



Vivi-Ann Brede Souyris som her snakkar med musikanane før konserten, skal spele på Oska om 3 veker.

Kristi Himmelfarsdag, 25. mai, er det opning av sommarutstilling og meir jazz. Då kjem Vivi-Ann Brede Souyris med band med musikarar frå Bergen, Kvinnherad, Stord og Irland.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland